



# KONKURRANSEGRUNNLAG



Anskaffing etter del I og II for anskaffing av prosjekt:

«Kommunehuset i Åmot – Ny takkonstruksjon og solcelleanlegg»

Saksnummer	2023/324
Tilbudsfrist	03.04.2023
Entreprise	Generalentreprise
Kontrakttype	NS8406



## Innholdsliste

1	Prosjektinformasjon.....	3
1.1	Om oppdragsgivar .....	3
2	Generelt om prosjektet.....	3
2.1	Orientering: .....	3
2.1.1	Del 1 – Ny takkonstruksjon .....	4
2.1.2	Del 2 – Nytt solcelleanlegg .....	4
3	Gjennomføring av prosjektet.....	4
3.1	Generalentreprise .....	4
3.2	Søknadsarbeid.....	4
3.3	Framdrift .....	5
3.4	Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA).....	5
3.5	Tilbodskostnadar .....	5
4	Reglar for gjennomføring av konkurransen .....	6
4.1	Anskaffingsprosedyre .....	6
4.2	Offentlegheit og teieplikt .....	6
4.3	Kvalifikasjons- og tildelingskriterium.....	6
4.3.1	Kvalifikasjonskrav .....	6
4.3.2	Tildelingskriterium.....	6
5	Gjennomføring av tilbodskonkurransen .....	7
5.1	Oppdatering av konkurransegrunnlag .....	7
5.2	Kommunikasjons- og tilleggsinformasjon .....	7
5.3	Framgangsmåte ved levering av tilbod .....	7
6	Atterhald og avvik.....	8
6.1	Oppdragsgivar .....	8
6.2	Tilbydar .....	8
7	Særskilte kontraktavgjersler.....	9
8	Vedlegg .....	9



## 1 Prosjektinformasjon

### 1.1 Om oppdragsgivar

Kontaktperson hjå oppdragsgivar er:

Namn:	Odd Martin Nystog
E-post	omnystog@vinje.kommune.no

For ytlagare informasjon om kommunen kan de besøke nettsida; [www.vinje.kommune.no](http://www.vinje.kommune.no)

## 2 Generelt om prosjektet

### 2.1 Orientering:

Dette prosjektet blir delt opp i 2 delar. Den eine delen omfattar riving og montering av ny takkonstruksjon, mens den andre delen omfattar levering og montering av nytt solcelleanlegg. Tilbydarane vil få høve å levere tilbod på begge anskaffingane, eller levere deltilbod på del 1 eller del 2. Det er ein føresetnad at kommunen får inn tilbod på del 1 for å gjennomføre prosjektet. Tilbydaren som blir tildelt anskaffinga «Del 2 – Solcelleanlegg» vil bli tiltransportert tilbydaren som blir tildelt anskaffinga «Del 1 – Ny takkonstruksjon»





## **2.1.1 Del 1 – Ny takkonstruksjon**

Del 1 omfattar riving og montering av ny takkonstruksjon på kommunehuset i Åmot. Tanken er å rive eksisterande takkonstruksjonen heilt ned til takbjelkane, for så å montere nye sjølvberande TRP plater og plassbygde støtteveggar. I samband med ombygginga er det òg naudsynt å sette inn ekstra bæring i form av dragarar og søyler.

Del 1 blir gjennomført som ein utføringsentreprise der oppdragsgivar har prosjekteringsansvaret. Som vedlegg vil de finne ei mengdebeskriving og teikningar som syner arbeidet som skal prisast og utførast.

Tilbydaren som blir tildelt anskaffinga «Del 1 – Ny takkonstruksjon» vil få rolla som stadleg byggeleiar for heile prosjektet. Det vil sei at byggeleiaren får koordineringsansvaret opp mot anskaffing «Del 2 – Nytt solcelleanlegg», og får i oppgåve å utarbeide ein hovudframdriftsplan og koordinere den generelle framdrifta.

## **2.1.2 Del 2 – Nytt solcelleanlegg**

Del 2 omfattar levering og montering av nytt solcelleanlegg. Sjølve anlegget skal ha ein produksjon på minimum 10kWp som fordelar seg på 300 stykk 370Wp modular. Anskaffinga skal inkluderer alle ytingane som er nødvendig for å levere, montere og idriftsette anlegget.

For del 2 har leverandøren prosjekteringsansvaret og vil bli tiltransportert byggentreprenør som blir kontrahert av kommunen. Oppdragsgivar har utarbeid ein funksjonsbeskriving som syner kva som skal gjerast, men det er leverandøren som vil stå som ansvarleg prosjekterande og utførande i prosjektet.

## **3 Gjennomføring av prosjektet**

### **3.1 Generalentreprise**

Prosjektet blir gjennomført som ein generalentreprise i samsvar med NS8406.

### **3.2 Søknadsarbeid**

Vinje kommune står som ansvarleg søkjar for tiltaket, og har ansvaret for å innhente ansvarsrettar, igangsetjingsløyve, samsvarserklæringar, ferdigattest og anna.



### 3.3 Framdrift

Kommunen ser føre seg oppstart Mai/Juni 2023. Dersom v rtilh va og igangsetjingsl yve er i orden vil utf rande f  h ve til   byrje f r planlagt oppstart.

#### Fram mot kontrahering:

Aktivitet	Tidspunkt
Utlysing	07.03.2023
Tilbodssynfaring	22.03.2023 kl. 09:00
Frist for � stille sp�rsm�l til konkurransegrunnlaget	27.03.2023
Tilbudsfrist	03.04.2023 kl. 12:00
Val av leverand�r og kunngjering til leverand�rar	011.04.2023
Byggestart	02.05.2023
Ferdigstilling Del 1	30.09.2023
Ferdigstilling Del 2	01.11.2023

### 3.4 Tilbodssynfaring

Det vert avhalde tilbodssynfaring Onsdag 22.03.2023 kl. 09:00. Oppm te p  kommunehuset i  mot, Vinjevegen 192, 3890 Vinje.

### 3.5 Sikkerheit, helse og arbeidsmilj  (SHA)

Oppdragsgivar stiller som b de SHA-koordinator for prosjekterings- og utf ringsfasen gjennom prosjektet. Arbeidsoppg vene til koordinatoren og utf rande er beskrive n rare i byggherreforskrifta og vedlagt SHA-plan

Oppdragsgivar krev at tilbydaren kan dokumentere at verksemda gjennomf rer internkontrollar i samsvar med internkontrollforskrift. Dersom det er fleire verksemdar p  arbeidsplassen skal det f religge ein skriftleg avtale kven som skal ha ansvaret for   samordne internkontrollen for alle felles aktivitetar, jamf r  6 i internkontrollforskrifta.

### 3.6 Tilbodskostnadar

Kostnadar som tilbydar p drar seg ved utarbeiding av tilbod vil ikkje bli refundert av oppdragsgivar. Det forutsett av eventuelt behov for plotting og kopiering dekkast av den enkelte tilbydar, og at underleverand rar gjerast oppmerksom p  dette.



## **4 Reglar for gjennomføring av konkurransen**

### **4.1 Anskaffingsprosedyre**

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og II.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å kontakte tilbydarane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som føremålstenleg. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

### **4.2 Offentlegheit og teieplikt**

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentlig anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

### **4.3 Kvalifikasjons- og tildelingskriterium**

#### **4.3.1 Kvalifikasjonskrav**

Sjå kvalifikasjonskrava som er sett i Merzell portalen.

#### **4.3.2 Tildelingskriterium**

Anskaffing av oppdraget blir tildelt leverandøren som leverer det billigaste tilbodet.

#### **Tilbodssum (lågast pris), 100%**

- Utfylt og signert vedlegg 1 - *Tilbodsskjema*. Tilbodssummen blir vurdert og vektlagt etter ev. forhandlingar.



## 5 Gjennomføring av tilbodskonkurransen

### 5.1 Oppdatering av konkurransegrunnlag

Innan tilbodsfristen går ut har oppdragsgjevar rett til å gjere rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget, dersom dei ikkje er av vesentleg karakter.

Rettingar, suppleringar eller endringar vil bli sendt til alle som har meldt si interesse i Mercell.

Opplysningar som oppdragsgjevar gjev på grunn av spørsmål frå ein tilbydar, vil straks bli sendt til alle i anonymisert form. Opplysningar om rettingar, suppleringar og endringar blir kunngjort elektronisk via Mercell portalen. Ved ein revisjon av konkurransen, vil dette visast som ny versjon av konkurransen. Når det gjeld tilleggsopplysningar, vil det kome fram i fanebladet tilleggsopplysning i Mercell portalen. Leverandørar som alt har meldt si interesse vil og få ei melding via sin e-post, om at det er gjeve tilleggsinformasjon på konkurransen, eller det er gjort ein revisjon av konkurransen. Følg då linken i denne meldinga, slik at du kjem inn på den aktuelle konkurransen.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla til oppdragsgjevar via kommunikasjonsmodulen i Mercell-portalen.

### 5.2 Kommunikasjons- og tilleggsinformasjon

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Mercell-portalen. Det er for at all kommunikasjon skal loggførast. Når du er inne på konkurransen skal du velje fanebladet Kommunikasjon. Klikk deretter på ikonet «Ny melding» i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk deretter på «Send». Oppdragsgjevar mottok så meldinga di. Dersom spørsmålet gjeld for alle tilbydarane, vil oppdragsgjevar anonymisere svaret på dette og gje svaret som ein tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet Kommunikasjon og deretter under fanebladet Tilleggsinformasjon. Du vil og få ein e-post med ein link til tilleggsinformasjonen.

### 5.3 Framgangsmåte ved levering av tilbod

Dersom det er ynskjeleg å levere tilbod elektronisk i Mercell, gå til fanebladet «Gi tilbud» og trykk deretter på knappen «Jeg ønsker å tilby». Dette er kun meint som ein indikator på om innkjøpar kan forvente tilbod eller ikkje. Du bind deg ikkje som leverandør ved å bekrefte at du ynskjer å tilby. Det er ynskjeleg at tilbydar bekreftar om dei ynskjer å tilby så fort som mogleg.

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell portalen, [www.mercell](http://www.mercell) innan tilbodsfrist. For seint innkomne tilbod vil bli avvist. (Systemet tillet heller ikkje å sende inn tilbod elektronisk via Mercell etter tilbodsfristens utgang)



Er du ikkje brukar av Mercell, eller har spørsmål knytta til funksjonalitet i verktøyet, til dømes, korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til:

[support@mercell.com](mailto:support@mercell.com)

Det er å tilrå at tilbodet blir levert i god tid før fristen går ut, for eksempel minimum 1 time før tilbodsfristen går ut. Skulle det kome tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar som fører til at du ønskjer å endre tilbodet ditt før tilbodsfristen går ut, kan du gå inn å opne tilbodet, gjere eventuelle endringar og levere på nytt heilt inntil tilbodsfristen går ut. Det sist leverte tilbodet reknast som det endelege tilbodet.

### **Elektronisk signatur ved levering**

Du vil under innleveringsprosessen kunne bli beden om ein elektronisk signatur for å stadfeste at det er aktuell verksemd som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan de skaffe på

[www.commfides.com](http://www.commfides.com), [www.bypass.no](http://www.bypass.no) eller [www.bankid](http://www.bankid)

Vi gjer merksam på at det kan ta nokre dagar å få levert elektronisk signatur, slik at denne prosessen bør setjast i gang så fort som mogleg.

## **6 Atterhald og avvik**

### **6.1 Oppdragsgivar**

Oppdragsgjevar tek atterhald om finansiering dersom tilboda overgår budsjettramma. Vidare føreheld oppdragsgjevar seg retten til, utan økonomiske eller andre konsekvensar, å forkaste alle tilbod etter reglane i forskrifta om offentleg anskaffing §24-4. Oppdragsgjevar er ikkje pliktig til å godta nokon av tilboda dersom ingen av dei innkomne tilboda blir sett på som rimeleg. Det same gjeld når det etter utsending av konkurransegrunnlaget har skjedd tilhøve som gjer at kjøpet ikkje lenger er aktuelt, eller at spesifikasjonane må endrast.

### **6.2 Tilbydar**

Dersom tilbydar tek atterhald mot delar av konkurransegrunnlaget, skal dette klart gå fram av tilbods brevet. Det skal spesifiserast med kva konsekvensar ein har for ytingane, pris eller andre forhold. Det same gjeld for avvik. Det skal vera så presist og eintydig at oppdragsgjevar kan vurdere desse utan kontakt med tilbydar. Vesentlege atterhald og avvik vil føre til at tilbodet vert avvisa.





## 7 Særskilte kontraktavgjersler

NS 8406 "Alminnelege kontraktavgjersler for totalentrepriser" siste utgåve, gjeld som alminnelege kontraktavgjersler. For dette prosjektet har oppdragsgivar gjort fylgjande suppleringar/endringar:

- 1 (Kap. 6 Byggherremøter)  
Det vert avhalde byggherremøte kvar14 dag.
- 2 (Kap 23.4 Særlig om rekningsarbeid)  
Påslag på materiale og utstyr settast til 10%
- 3 (Kap 23.1 Indeksregulering)  
Kontrakten skal ikkje indeksregulerast

## 8 Vedlegg

- Vedlegg 1 – Tilbodsskjema
- Vedlegg 2 – SHA-plan
- Vedlegg 3 – Funksjonsbeskriving for Del 2 Nytt solcelleanlegg
- Vedlegg 4 – Mengdebeskriving for Del 1 Ny takkonstruksjon
  - Vedlegg 4.1 – Mengdebeskriving i gab
  - Vedlegg 4.2 – Mengdebeskriving i xml
- Vedlegg 5 – Bygningsmessige teikningar
- Vedlegg 6 – Ventilasjonsteikningar
- Vedlegg 7 - Elektroteikningar